04/26 Innkalling til møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkja

Tid: Torsdag 04.06. kl 19.00-21.00

Meld forfall til Margun, tlf 909 22 572/ mmtordal@gmail.com eller Tor Håkon tlf 408 84 271

Opning: Lillian

SAKLISTE:

Sak 25/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.04.26, med merknader.

Sak 26/26: Meldingar

Sak 27/26: Budsjett jubileum Strandebarm

Sak 28/26: Gudstenesteliste haust-26

Sak 29/26: Lys i taklampane i kyrkja

Sak 30/26: Jonsokfeiring på Evja

Sak 31/26: Takkoffer haust-26

Sak 32/26: Eventuelt

VELKOMMEN TIL MØTET!

Sakspapir blir skrivne ut til møtet.

For soknerådet

Margun Mikkelsen Tordal

SAKLISTE:

25/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.04.26, med merknader.

Framlegg til vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.04.26, med merknader blir godkjent.

26/26: Meldingar

Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar blir tekne til vitande.

- Vøle av kyrkjebenker: Nytt forsøk er blitt gjort ved å pussa ned benkene med maskin. Det var veldig vellukka. Ein brukar pussemaskin kopla til støvsugar som fungerer som avsug for pussestøvet. Det var effektivt. I skrivande stund er 6 benker pussa og nokre av benkene er lakka etterpå. Ein vil prøva å få gjort mest mogleg før orgelreparasjonen, som framleis ikkje er påbegynt, men ein må heile tida avpassa lakkingsarbeidet til annan aktivitet i kyrkjerommet.
- Program for jubileumshelga. Sjå vedlegg. Til orientering.
- Olav, kyrkjeverje, har søkt om prosjektmidlar til kyrkjejubileet frå Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken Norge. Det vart avslag på begge søknadane. Sjå elles opplysningar om økonomi under sak 27/26: Budsjett jubileum Strandebarm.
- Messy Church sundag 07.juni. Minner om denne gudstenesta og at me oppmodar folk til å koma.
- Soknerådsleiar med gode hjelparar blant konfirmantjubilantane har funne adresser til 50-, 60-, 70- og 75-års jubilantane-26. Kyrkjekontoret vil senda ut invitasjonane. Jubileet blir sundag 27.09.26.
- Sokneråds- og AU-møte haust-26. Lista er presentert tidlegare. Sjå vedlegg.

Sak 27/26: Budsjett jubileum Strandebarm. Sjå vedlegg

Pr d.d veit ein ikkje om ein får sponsormidlar frå større bedrifter som er blitt kontakta: Lingalaks, Hardingsmolt, Tombrefisk. Vetle, prest, held kontakten med dei. Det fører til ein del usikkerheit omkring økonomien. I tillegg er det usikkert kor mykje som kjem inn i kollekt laurdag, og takkoffer sundag.

Salet av billettar til Herborg Kråkevik-konserten fredag kveld, 28.08. går godt. Sist oppdatering fortel om allereie 100 selde billettar. Inger Karin Tordal, kyrkjelydssekretær, har jobba mykje med konserten og overnattinga til artistane.

Programnemnda har også jobba godt og har fått på plass eit flott program for heile helga.

Siste oppdatering er at Frankie Andrianaivo på kyrkjekontoret tar på seg å vera dronepilot og senda robåtkonkurransen live på Tv på kyrkjelydshuset. Det blir spanande! Hallgeir Berge er konferansier.

Sevinj A. Øvrehus og Ulf Krupka er musikalsk ansvarlege for konsert i kyrkja laurdag kveld. Arnhild Litlere bind programinnslaga saman med diktlesing.

Forslag til vedtak: Budsjettet blir vedteke med dei usikre faktorane som er, men bed jubileumsnemnda skaffa tal for utgifter og forventa inntekter på laurdag under matserveringa.

28/26: Gudstenesteliste haust-26. Info på møtet

Framlegg til vedtak: Gudstenestelista blir vedteken slik den blir lagt fram frå kyrkjekontoret.

29/26: Lys i taklampane i kyrkja. Info på møtet

Ein del kyrkjegjengarar har ytra ynskje om at det blir betre lys ifrå taklampane over kyrkjebenkene. Om vinteren, og spesielt om kvelden, merka rein godt at det er dårleg lys. Kyrkjetenar og gravar har bytt lyspærer i nokre av lampane og det merkast betring. Dei stiller spørsmål ved om det trengst byta fleire pærer.

Soknerådsleiar er av den meining at me kan få like godt lys over alle benkene, og ikkje berre over nokre, slik det er no.

Per Hjartnes og Kjell Hoff har sagt at dei kan gjera arbeidet, men treng stige/ rullestige el anna til jobben.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet går inn for at det blir skifta lys i alle taklampane. Kyrkjeverja bestemmer kven som skal gjera arbeidet og skaffar til veie nødvendig utstyr for å kunna utføra jobben.

30/26: Jonsokfeiring på Evja

AU går inn for at soknerådet arrangerer jonsokfeiring på Evja (ved kyrkja) i år også. Tor Håkon kan vera hovudansvarleg og tar kontakt med folk til å hjelpa seg. NB! Må kunngjerast med plakatar og på facebook.

Framlegg til vedtak: Soknerådet støttar AU og vil hjelpa Tor Håkon med det praktiske omkring feiringa.

31/26: Takkoffer haust-26. Sjå vedlegg

Framlegg til vedtak: Soknerådet kjem med framlegg til kva organisasjonar som får takkofferet og leiaren fordeler desse ut på gudstenestene som er sette opp hausten-26.

32/ 26: Eventuelt